



DELÅRSRAPPORT **3. kvartal 2011**

Voss, 18. oktober 2011

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 fax. 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 3. KVARTAL 2011

GOD VEKST I ORDINÆR BANKDRIFT

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA opplever ei god utvikling i den ordinære bankdrifta. Vi er godt nøgd med ein vekst i utlåna på 9,0%, innskota på 7,2% og rådveldekapitalen på 7,7% dei siste 12 månadane. Banken meiner veksten skuldast gode og stabile tilhøve i nærmarknaden vår.

Satsinga vår på å vera ein menneskeorientert bank med lite gebyr og høgt servicenivå har resultert i god tilgang av nye kundar. Vidare har distribusjonsavtalen med Terra Forsikring komplettert produkt- og tenestespekteret vårt, og vi kan levere gode totalprodukt, noko kundane set pris på.

RESULTATUTVIKLING

Banken syner eit resultat før skatt i 3. kvartal på 3,9 mill. kr mot 4,6 mill. kr i 3. kvartal i fjor. Resultatet tilsvarar 0,51% i år, mot 0,65% i fjor av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) i kvartalet. Etter skatt er resultatet 1,4 mill. kr, mot 3,9 mill. kr i same kvartal i fjor. Dette tilsvarar 0,18% i år og 0,55% i fjor av GFK i kvartalet. Reduksjonen i resultatet skuldast i det alt vesentlege den negative utviklinga på Oslo Børs.

Pr. 30.09 er resultatet før skatt på 16,3 mill. kr mot 21,4 mill. kr i fjor. I % av gjennomsnittleg rådveldekapital(GFK) utgjør dette 0,73% i år mot 1,02% i fjor.

RENTEMARGIN

I 3. kvartal er rentemarginen auka med 4,6 mill. kr til 17,2 mill. I % av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) i kvartalet er rentemarginen auka frå 1,76% til 2,24%.

Sjølv med stor konkurranse i rentemarknaden, og reduserte marginar på banken sin overskotslikviditet har netto rentemargin ved utgangen av 3. kvartal i år auka med 4,6 mill. kr til 47,4 mill. kr, slik at rentemarginen ved utgangen av 3. kvartal i % av GFK har auka frå 2,03% i fjor til 2,13% i år. Auken i rentemarginen skuldast god vekst i utlåna saman med god tilgang av nye kundar, noko banken er særst godt nøgd med.

INNETEKTER FRÅ VERDIPAPIR

Utviklinga på Oslo Børs har vore kraftig negativ i 3. kvartal, og banken har difor utgiftsført nedskrivningar på aksjeporteføljen med 4,2 mill. kr, mot inntektsføring på 1,3 mill. kr i 3. kvartal i fjor. Største delen av verdiendringa er ikkje realisert.

Pr. 30.09 er det samla kostnadsført 2,9 mill. kr i realisert vinst/tap, netto utbytte og verdijusteringar, mot inntektsføring på 4,6 mill. kr pr. 30.09.10.

DRIFTSKOSTNADER

I 3. kvartal i år er samla driftskostnader 10,9 mill. kr, mot 10,2 mill. kr i 3. kvartal i fjor. I % av GFK i kvartalet er driftskostnadane på 1,43%, omlag uforandra i høve til i fjor.

Ved kvartalsskiftet 30.09.11 er driftskostnadane på 30,5 mill. kr, mot 27,2 mill. kr 30.09.10, som er i samsvar med budsjett for 2011.

TAP OG MISLEGHOLDNE LÅN

I 3. kvartal har banken tilbakeført nedskrivningar på lån med 0,8 mill. kr, mot tapsføring på 0,7 mill. kr i 3. kvartal i fjor. I 3. kvartal er det konstatert tap på lån som tidlegare har vore nedskrive med 5,0 mill. kr.

Samla netto misleghaldne og tapsutsette engasjement ved utgangen av 3. kvartal i 2011 er redusert med 57,5 mill. kr til 72,5 mill. kr samanlikna med kvartalsskiftet i fjor. I % av brutto utlån utgjør dette 2,83% pr. 30.09.11, mot 5,53% pr. 30.09.10.

RÅDVELDEKAPITAL

I 3. kvartal er rådveldekapitalen auka med 37 mill. kr eller 1,2%. Siste 12 månader har rådveldekapitalen auka med 219 mill. kr, eller 7,7%, til totalt 3,077 mrd. kr.

INNSKOT

Innskotsveksten er framleis god, og i 3. kvartal er innskot frå kundar auka med 21 mill. kr, eller 1,1%. Siste 12 månader har innskota auka med 133 mill. kr som utgjør 7,2%.

Pr. 30.09.11 er innskot frå kundar på 1.989 mill. kr mot 1.856 mill. kr pr. 30.09.10

Innskotsdekninga frå kundar held seg stabilt i underkant av 80% og var ved kvartalsskiftet 77,6% av brutto utlån mot 78,9% på same tid i fjor.

UTLÅN

Banken opplever god vekst i utlåna, og i 3. kvartal har brutto utlån til kundar auka med 70 mill. kr eller 2,8%. Siste 12 månader er utlånsveksten 212 mill. kr, eller 9,0%.

Samla utlån til kundar har passert 2,5 mrd. kr, og pr. 30.09.11 er brutto utlån til kundar 2.563 mill. kr mot 2.351 mill. kr pr. 30.09.10. Den gode veksten i utlåna syner at banken sjølv med stor konkurranse i marknaden, har vilkår som kundane våre finn tenelege.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Netto ansvarleg kapital etter dei nye Basel II reglane er 349 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 18,13%. Kjernekapitalen er samstundes 289 mill. kr, eller 15,01%. I høve til minimumskrava er overdekninga 195 mill. kr.

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

REKNESKAPSPRINSIPP

Banken sitt delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS. Samanlikningstala er omarbeidd i samsvar med krava i IFRS. Dei rekneskapsmessige endringane i samband med overgang til IFRS-reglane er omtalt og forklart i eit eige overgangsdokument. Overgangsdokumentet inneheld og ei opplisting av rekneskapsprinsippa som er lagt til grunn. Overgangsdokumentet er publisert i eiga børsmelding 27.04.11, og ligg som eige dokument på banken sine heimesider.

UTSIKTENE FOR 2011

Styret meiner at banken med sin solide eigenkapital, sin gode fundingssituasjon, dei solide tapsavsetjingane og ein nokolunde stabil lokalmarknad, framleis vil vera i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. God vekst i utlåns- og kundeporteføljen gjev god vekst i normal bankdrift, medan uro i dei internasjonale finansmarknadane kan få vidare negativ innverknad på banken sitt resultat av finansplasseringar. Banken inngjekk ved årsskiftet distribusjonsavtale med Terra Forsikring AS for sal av skade- og livsforsikring. Denne satsinga utvidar og styrkjer banken sitt totaltilbod. Vi vonar satsinga vil styrkja vår posisjon i banken sitt marknadsområde.

Kontaktpersonar: Banksjef Jan Arveschoug eller ass. banksjef Einar Larsen tlf 56 52 35 00

RESULTATREKNESKAP

Alle tal i heile NOK 1.000

	3. kv. 11	3. kv. 10	30.09.11	30.09.10	31.12.10
Renteinntekter og liknande inntekter	35.050	28.963	98.013	86.723	116.883
Rentekostnader og liknande kostnader	17.811	16.394	50.643	43.936	59.926
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	17.239	12.569	47.370	42.787	56.957
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	44	57	2.655	3.430	6.159
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	1.473	1.864	4.205	4.708	6.258
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-570	-528	-1.550	-1.500	-2.024
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	-4.263	1.242	-5.530	1.156	2.735
Andre driftsinntekter	164	166	557	501	757
Sum andre inntekter	-3.152	2.801	337	8.295	13.885
Sum netto inntekter	14.087	15.370	47.707	51.082	70.842
Løn og generelle administrasjonskostnader	8.645	8.051	23.984	21.985	28.864
Ordinære avskrivningar	602	386	1.772	1.128	1.544
Andre driftskostnader	1.697	1.717	4.709	4.148	5.762
Sum kostnader	10.944	10.154	30.465	27.261	36.170
Resultat før tap	3.143	5.216	17.242	23.821	34.672
Tap på utlån, garantiar m.v.	-790	681	925	3.665	6.329
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	-74	0	-1.266	-570
Netto tap og avskrivningar	-790	607	925	2.399	5.759
Resultat før skatt	3.933	4.609	16.317	21.422	28.913
Skatt på ordinært resultat	2.529	667	5.940	5.150	7.748
Resultat for rekneskapsåret	1.404	3.942	10.377	16.272	21.165
Andre inntekter og kostnader					
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	-143	3.505	176	-4.979	-3.720
Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal	40	-981	-49	-293	-342
Sum andre postar	-103	2.524	127	-5.272	-4.062
Totalresultat	1.301	6.466	10.504	11.000	17.103
Resultat pr. aksje	14,78	41,49	109,23	171,28	222,79
Utvatna resultat pr. aksje	14,78	41,49	109,23	171,28	222,79

BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

EIGNELUTAR

Kontantar og fordringar på sentralbankar	96.418	109.167	75.348
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	23.202	3.993	16.349
Netto utlån og fordringar på kundar	2.523.324	2.310.285	2.367.339
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	332.314	282.318	325.403
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	49.909	108.736	96.786
Utsett skattefordel	0	709	0
Finansielle derivat	0	0	0
Varige driftsmidlar	37.874	30.717	30.939
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	14.937	13.175	11.167

SUM EIGNELUTAR

3.077.978 2.859.100 2.923.331

GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	1.989.152	1.855.691	1.932.789
Obligasjons- og sertifikatgjeld	665.892	597.280	597.213
Finansielle derivat	424	428	471
Utsett skatt	2.214	0	2.258
Anna gjeld	8.563	8.934	11.725
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	33.231	29.201	6.162
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	7.355	8.112	7.130
Ansvarleg lånekapital	84.898	85.054	84.898
Sum gjeld	2.791.729	2.584.700	2.642.646

EIGENKAPITAL

Innskoten eigenkapital

Aksjekapital (95 000 aksjar á kr. 100,-)	9.500	9.500	9.500
- Behaldning egne aksjar	-6	-12	-6

Sum innskoten eigenkapital

9.494 9.488 9.494

Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital	276.755	264.912	271.191
--------------------	---------	---------	---------

Sum opptent eigenkapital

276.755 264.912 271.191

Sum eigenkapital

286.249 274.400 280.685

SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

3.077.978 2.859.100 2.923.331

Garantiansvar	36.017	37.260	34.926
Pantsetjingar	67.429	57.897	102.132
Eigenkapitaldekning	18,13 %	19,06 %	18,97 %
Gjennomsnittleg rådveldekapital	2.962.235	2.760.828	2.817.491

Voss, 18.10.11

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Jorunn Lødemel
styreformann



Stig Gunnar Røthe



Åse-Karin Tennebekk



Dagfinn Gjølstein



Norvald Fretheim


Jan Arveschoug

banksjef

TAP PÅ UTLÅN

Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivningar	
Endring amortiseringseffekt individuelle nedskrivningar	
Endring i gruppevise nedskrivningar	
Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for	
Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for	
Inngang på tidlegare avskrivne tap	
Sum tap i perioden	
Sum tap gjeld tap på utlån.	

Alle tal i heile NOK 1.000

30.09.11	30.09.10	31.12.10
-5.362	-1.269	-566
95	1.329	1.295
1.250	500	2.500
4.986	3.175	3.238
2	2	0
-46	-72	-139
925	3.665	6.328

Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån	
Individuelle tapsnedskrivningar	
Netto misleghaldne lån	

43.950	52.965	23.581
4.032	7.559	7.228
39.918	45.406	16.353

Andre tapsmerka engasjement	
Individuelle tapsnedskrivningar	
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån	
Netto tapsutsette engasjement	

53.400	106.452	78.420
20.812	21.794	23.199
32.588	84.658	55.221
72.506	130.064	71.574

SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån	
Amortiseringseffekt individuelle nedskrivningar	
Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar	
Gruppevise nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar	
Netto utlån til kundar	

2.563.424	2.351.644	2.411.772
1.121	1.271	899
-25.965	-30.624	-31.326
-15.256	-12.006	-14.006
2.523.324	2.310.285	2.367.339

KAPITALDEKNING

	30.06.11		30.09.10		31.12.10	
	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav
Lokale og regionale styresmakter	4.531	362	0	0	0	0
Institusjonar	85.095	6.808	80.283	6.423	76.950	6.156
Føretak	549.616	43.969	408.048	32.644	523.845	41.908
Massemarked	0	0	0	0	0	0
Pantsikring i bustad og fritidseigedom	747.149	59.772	679.098	54.328	708.667	56.693
Forfalne engasjement	114.032	9.123	155.094	12.408	74.489	5.959
Obligasjonar med fortrinnsrett	10.998	880	0	0	5.995	480
Andelar i verdipapirfond	6.535	523	21.075	1.686	14.739	1.179
Andre engasjement	293.343	23.467	304.454	24.356	272.015	21.761
Sum kredittrisiko	1.811.299	144.904	1.648.052	131.844	1.676.700	134.136
Operasjonell risiko	126.838	10.147	121.862	9.749	121.862	9.749
Frådrag for gruppevise nedskrivningar	-15.256	-1.220	-12.006	-960	-14.006	-1.120
Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	0	0	0	0	0	0
Samla kapitalkrav	1.922.881	153.830	1.757.908	140.633	1.784.556	142.764
Innbetalt aksjekapital	9.500		9.500		9.500	
- egne aksjar	-6		-12		-6	
Annan egenkapital	244.235		227.501		246.337	
Fondsobligasjonar	34.898		35.000		35.000	
- utsett skattefordel	0		-709		-2.386	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar	0		0		0	
Sum kjernekapital	288.627	15,01	271.280	15,43	288.445	16,16
Fond for urealiserte verdiendringar	9.932		0		0	
Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital	50.000		50.000		50.000	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar	0		0		0	
Sum tilleggskapital	59.932	3,12	50.000	2,84	50.000	2,80
Sum ansvarleg kapital	348.559	18,13	321.280	18,28	338.445	18,97

ENDRING I EIGENKAPITALEN

Eigenkapital ved inngangen til året	30.09.11	30.09.10	31.12.10
Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal	280.685	268.154	268.154
Kjøp / sal egne aksjar	127	-5.272	-4.062
Resultat i perioden	0	-4	178
Utbytte	10.377	16.272	21.165
Eigenkapital ved periodeslutt	-4.940	-4.750	-4.750
	286.249	274.400	280.685

KONTANTSRAUMOPPSTILLING

	Alle tal i heile NOK 1.000		
Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalingar	30.09.11	30.09.10	31.12.10
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalingar	102.752	90.244	122.639
Andre innbetalingar	-25.094	-23.217	-60.886
Driftsutbetalingar	3.230	4.274	7.365
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap	-28.783	-25.365	-33.407
Utbetalt utbytte	46	73	140
Betalte skattar	-4.940	-4.750	-4.750
Tilført frå verksemda	-8.664	-8.876	-8.662
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar	38.547	32.383	22.439
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	-157.247	-130.034	-190.224
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar	56.363	82.357	159.455
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld	0	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	68.892	-50.000	-50.000
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir	-2.392	315	1.744
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar	-83.506	-8.607	-67.356
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital	-437	-1.946	951
Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar	0	60.000	60.000
Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd	0	0	181
Investert i varige driftsmidlar	-118.327	-47.915	-85.249
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	-8.707	-763	-1.400
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	0	0	0
Netto kontantstraum frå investeringar	117.410	12.092	38.544
Netto endring likvidar	108.703	11.329	37.144
Likviditetsbeholdning ved inngangen til året	28.923	-4.203	-25.666
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt	91.697	117.363	117.363
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av:			
Kontantar og fordringar på sentralbankar	97.418	109.167	75.348
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid	23.202	3.993	16.349
Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt	120.620	113.160	91.697

AVSTEMMING MOT TIDLEGARE REKNESKAPSPRINSIPP

Avstemming egenkapital 30.06.2010

Alle tal i heile NOK 1.000

NGAAP	Eigenkapital 30. september 2010		255.631
	Effekt av overgang til IFRS		
	Obligasjonar til verkeleg verdi	-365	
	Aksjar til verkeleg verdi	6.884	
	Endring utsett skatt	-4.621	
	Finansielle derivat	-300	
	Endring bokført verdi bankbygning	19.647	
	Endring amortisering underkurs innlån	-280	
	Endring pensjonsforplikting	-2.144	
	Ansvarleg lånekapital	-54	
	Sum overgangseffekt	18.767	18.767
IFRS	Eigenkapital 30. september 2010		274.398

Avstemming resultat 2. Kvartal 2010

Alle tal i heile NOK 1.000

NGAAP	Årsresultat 3. Kvartal 2010		5.398
	Effekt av overgang til IFRS		
	Obligasjonar til verkeleg verdi	3.505	
	Aksjar til verkeleg verdi	-1.534	
	Endring utsett skatt	-415	
	Endring bokført verdi bankbygning	-62	
	Endring amortisering underkurs innlån	-276	
	Endring pensjonsforplikting	-150	
	Sum overgangseffekt	1.068	1.068
IFRS	Totalresultat 3. kvartal 2010		6.466

Bakgrunnen for endringar i eigenkapital og resultat er forklart i eit eige offentleggjort overgangsdokument.